



Stor arkitektur er meint for å vare

Petal skreddarsydde metallfasadar

petal.no

 **petal** skreddarsydde
metallfasadar

Petal

- skreddarsydde metallfasadar

Petal AS leverer skreddarsydde metallfasadar med slett overflate. Med våre fasadepanel gir vi arkitekter og entreprenører ei rekke muligheter for individuell utforming, uansett situasjon og forhold. Våre produkt held høg kvalitet og vår unike backingteknologi sikrer stabile plater til ei lågare vekt. Sortimentet gir mange valmulegheiter, ståande eller liggande kledning, synleg eller skjult innfesting, eit stort utval i fargar, overflater og spesialløyisingar. Vi er stolte over å ha gjeve bygg i inn- og utland sitt spesielle særpreg. Nokon av bygga finn du i denne brosjyren.

På www.petal.no finn du fleire.

Petal fasade

- produktegenskapar

- Slett og vakker overflate
- Mange forskjellige materiale, fargar og strukturar
- Perforering og preging
- Graffitibeskyttelse og sjølvreinsande overflater
- Lang haldbarheit
- Ingen korrosjon eller rust
- Rimelegare innfestingsprofilar grunna låg vekt
- Enkel tilpassing av beslag i tynn aluminium
- Kontrastfargar, områmingar, spesialformer etc.
- Leverast ferdig tilpassa - utan svinn

I sum betyr dette ein vakker, haldbar og lufta fasadekledning som er svært konkurransedyktig på pris, både for rehabilitering og nybygg.



Backing

Petal sin produktidé er like enkel som genial. Ved å lime ei tynn, profilert bakplate inni eit fasadepanel laga av tynn aluminium eller sink, oppnår vi eigenskapar som tidlegare berre var oppnåeleg med 2 - 5 mm plater.

Prosjektkompetanse

Petal kan handtere små (frå 50 m²) og store prosjekt (største hittil er 25 000 m² for Sjukehuset Østfold Kalnes) over heile verda. Våre fasadar finns over heile Europa frå Portugal i sør til Svalbard i nord, vi har til og med levert prosjekt så langt unna som i Japan!

Stor arkitektur er meint for å vare



Hopperstad stavkyrkje i Vik i Sogn blei bygd av våre vikingforfedre på 1100-talet. Det eldgamle handverket, dei karakteristiske dragehovuda og det detaljrike eksteriøret har blitt beundra av tilreisande i snart 40 generasjonar. Det var i denne historiske atmosfæren at Petal såg dagens lys på 60-talet. I dag er Petal den einaste norske produsenten av metallfasadar som varer i generasjonar, og som samtidig let arkitekten sette sitt eige særpreg på byggverket. Det er på innsida av ei fasadeplate frå Petal at "hemmelegheita" ligg.





Kongsberg Hotel

Her har ein valt å bruke Petal Classic i trekantformer. Panela er i forskjellige fargar og nokon av panela har perforering. Petalpanel Classic er skrudd i den inntrekte fuga mellom panela med lakkerte skruar.

Arkitekt: Halvorsen & Reine AS
Montør: Arealbygg AS



Helsehuset Fredrikstad

På helsehuset i Fredrikstad er det nytta Petal Classic med elokserte overflater i fleire fargar. Dette skapar eit fint samspel saman med dei andre materiala i fasadane. Petal Classic er skrudd i den inntrekte fuga mellom panela med lakkerte skruar.

Arkitekt: Griff Arkitektur AS
Montør: Arealbygg AS

Drammen Hotel River Station

Her er det valt Petal Kvadrat i lakkert aluminium i ein metallisk farge kalla «Optic Zink». Petal Kvadrat skruast skjult i overkant og neste panel hektast på dette igjen.

Arkitekt: NSW Narud Stokke Wiig AS
Montør: Arealbygg AS



Østre Aker Vei, Oslo Relokatorbygget




Her er det nytta spesialpanel med tette fuger med skjult innfesting i skøyten i spissen på panela. I hjørna er panela gjæra i saman slik at ein får ei fin avslutning mot hjørnet. Panela er i eloksert aluminium i fargen champagne.

Arkitekt: TOPIC Architecture & Design
Montør: Arealbygg AS

Tollbugata 2, Drammen

Her er det brukt fleire typar panel for å skape det uttrykkt arkitekten ønskjer. Det er nytta Petal Royal, Petal Classic og ein del spesialpanel til dette prosjektet. Vi jobbar gjerne saman med arkitekten for å finne best mogleg løysing, som gir det ønska uttrykket på fasaden.

Arkitekt: Spir Arkitekter AS
Montør: SBM AS
Entreprenør: Skanska AS





Østfoldbadet

Her er det levert Petal Classic som er perforert med hol i forskjellige storleikar, dette gir eit fint liv i fasaden. Panela er i lakkert aluminium. Petal Classic er skrudd i den inntrekte fuga mellom panela med lakkerte skruer.


Arkitekt: Halvorsen & Reine AS
Montør: Weberg Prosjekt AS



Kalnes Administrasjonsbygg

Her er det valt Petalpanel Classic i lakkert aluminium G40. Panela er delt inn i eit rutenett som er tilpassa fasaden. Petal Classic er skrudd i den inntrekte fuga mellom panela med lakkerte skruar.

Arkitekt: Stenseth Grimsrud Arkitekter
Entreprenør: AS Betongbygg
Montør: SBM AS



Workplace Oo, Oslo

Dette er spesialpanel i forskjellige djupner. Den eine fløyen har liggande panel og den andre fløyen har ståande panel. Panela har hovudsakleg skjult innfesting. Det er også ein del perforerte panel som går framfor nokon av vindauga. Dei liggande panela har varierende djupner og varierende fargetone for å skape eit liv i fasaden.

Arkitekt: Jostein Rønsen Arkitekter AS
Entreprenør: Skanska AS

Orbit Arena, Jessheim

Her er det valgt Petal Classic i lakkert aluminium i 3 fargar. I første etasje er det liggande panel og i andre etasje er det ståande panel. Panela er skrudd til våre 35 mm aluminiumslekker. Petal Classic er skrudd i den intrukne fugen mellom panela med lakkerte skruer.

Arkitekt: Lillestrøm Arkitekter AS
Montør: Arealbygg AS



Vestbygget, Bjørvika

Her er det brukt Petal Royal med tette 2 mm fuger og skjult innfesting. Fargen er Hvite-Gold. Dette er ein lakk med «perlemor effekt» slik at fargen endrar seg i frå kvit til gull, alt etter kva vinkel ein ser fasaden frå. Delar av fasaden har og perforerte panel.

Arkitekt: A-lab AS
Montør: Weberg prosjekt AS
Entreprenør: Vedal entreprenør AS





Bønes senter

Dette er Petal Basic 13 mm. Panela blir produserte i få modular som tilpassast på byggeplassen. Tilpassinga mot hjørner/ vindaug og avslutningar skjulast med beslag. Panela skruast i fugene med lakkerte skruar. Når panela produserast i få modular kan vi halde ein lågare pris på desse panela.

Arkitekt: Link arkitektur Bergen AS
Montør: SBM AS



PSW Storemyr

Her er det valt Petal Classic i lakkert aluminium, ein del av panela skrår ut i den eine sida slik at ein får liv i fasaden. Panela er skrudd til våre 35 mm aluminiumslekter. Petal Classic er skrudd i den inntrekte fuga mellom panela med lakkerte skruer.

Arkitekt: L2 Arkitekter AS
Montør: SBM AS
Entreprenør: Helgesen Tekniske Bygg AS





QB, Tromsø

Her er det valt Petal Classic i lakkert aluminium i ein spesiallakk som består av fleire lag med lakk i to fargar, slik at ein får eit spel i overflata. Petal Classic er skrudd i den inntrekte fuga mellom panela med lakkerte skruer.

Arkitekt: Jostein Rønsen Arkitekter AS
Montør /Entreprenør: Peab Bjørn Bygg AS



Inngangsparti Rema 1000

Her leverer Petal spesialpanel i tre forskjellige djupner. Rema 1000 designet har fire forskjellige utformingar og i fire forskjellige fargar. Panela har skjult innfesting.

Design: Snøhetta AS
Montør: Varierer frå prosjekt til prosjekt.



Kunst- og designhøgskolen i Bergen

Her har vi levert Petal spesialpanel, panela er i tre mm ubehandla aluminium. Panela er prega i eit gjentakande mønster og har forskjellige djupner. Den ubehandla aluminiumen er i ein høgverdig legering som gjer at den er godt egna til å stå ute.

Arkitekt: Snøhetta AS
Montør: Bolseth glass AS



Docken 2, Markegata 55, Florø

Her er det montert Petal Royal i lakkert aluminium. Panela er tilpassa fasaden slik at det gir eit reint og enkelt inntrykk. Petalpanel Royal har skjult innfesting og er skrudd til vår 35 mm aluminiumslekt.

Arkitekt: HUS arkitekter AS
Montør: Vaardal Blikk Og Ventilasjon AS



RNH Region Nordhordland Helsehus

Her er det valt eit spesielt mønster i fasaden. Panela er Petal Royal tettmontert. I fugene mellom panelfelta er det eit spesielt beslag som, i enkelte delar, har innlagt lys som gir eit flott inntrykk. Panela er i lakkert aluminium i fleire fargar.

Arkitekt: Link Arkitektur, Bergen
Montør SBM AS
Entreprenør: Consto AS



The Box. Stakkevollveien 11, Tromsø

Her har vi levert Petal Kontur med varierende breidder. Panela er i lakkert aluminium i fargen lys bronse. Panela er skrudd i fugene mellom panela med lakkerte skruer.

Arkitekt: AT arkitektur as
Montør/ Entreprenør: Econor as

Apotekargarden, Førde

Her er det valt Petal Brilliant i liggande format, med krumma panel i hjørna. Petal kan levere panel bua i forskjellig radius, og med vår teknologi med innlimt bakplate blir panela plane og stabile. Petal Brilliant skruest i den inntrukne fuga mellom panela med lakkerte skruer.

Arkitekt: X-form
Montør: Førde Metall Produkt AS



PHV Førde Sjukehus

Her er det benytta Petal Kontur i varierende form med 30 og 60 mm djupn. I deler av fasaden er det valt felt med perforerte plater. Panela er i lakkert aluminium.

Arkitekt: Nordic Office of Arcitektur AS
Montør/ Entreprenør: Åsen & Øvrelid AS



Skilbrei Næringsbygg

Bygget har fått fasade i Petal Kontur. Panela har djupne 20 mm og varierende breidder. Panela er i lakkert aluminium. Panela skruest i dei inntrekte fugene med lakkerte skruar.

Arkitekt: Stine Marie Stølsvik
Montør: Byggmester Stølsvik AS



Porsche Center Bergen

Senteret er i det nye Porschedesignet og Petal har levert spesialpanel som er krumma og hengt opp i eit spesialutvikla opphengssystem framfor glasfeltet. Panela er i lakkert aluminium.

Arkitekt: Pilot Arkitekter AS
 Montør: SBM AS
 Entreprenør: Helgesen Tekniske Bygg AS



Sykehuset i Vestfold, Tønsberg

Her har Petal levert Petal Classic som er spesialtilpassa for å få fram det ønska uttrykket i fasaden. Hovudfasaden er i Natureløsert aluminium og er skrudd til eit spesialutvikla lektesystem. Den inntrekte øvste etasjen er i lakkert aluminium. Delar av fasaden har også enkelte perforerte panel.

Arkitekt: Bølgeblikk Arkitekter og Link Arkitektur
 Montør: SBM AS
 Entreprenør: Skanska AS





Damsgårdsundet. Montert av SBM as, arkitekt Tag Arkitekter

Miljø

Omsyn til miljøet står sterkt hos Petal og våre aluminiumsfasadar er eit miljøvenleg, haldbart fasadesystem. Skreddarsyninga av panel og beslag sikrar god utnytting av råmateriala og at alt passar på byggeplass utan kapping. Vår unike bakplate gir også auka styrke og ein kan difor bruke mindre materiale i panelet og spara både vekt og material. Aluminiumfasadar har ei lang levetid og er enkel å vedlikehalde. Når bygget til slutt skal rehabiliterast eller rivast kan aluminium resirkulerast uendeleg mange gonger og ein bruker berre 5% av energien med resirkulert aluminium. Hos Petal har vi også EPD på våre fasadar, og vi har avtale med straumleverandør, slik at Petal berre bruker rein og fornybar energi. Vi kan med andre ord dokumentere at vi leverer eit miljøvenleg fasadesystem.

Petal arbeider saman med deg for å verkeleggjere din visjon for bygget.



Tindesenteret.
Reiulf Ramstad Arkitekter

Stor variasjon i materiale, fargar, former og strukturar

- Aluminium eller sink
- PVDF og tilsvarende lakkvalitet i alle RAL fargar
- Matt, høgglans, perlemor i alle fargar og variasjonar
- Metallic fargar
- Eloksert aluminium for ekstra lang levetid, natur, gull, bronse og brun
- Eloksert aluminium i "stainless steel"
- Ei rekke spesialoverflater, mellom anna trestrukturar, alu-art, lakkert «børsta stål», bronselakkert og pulverlakk.
- Andre metall og legeringar på førespurnad.

Former

Med utgangspunkt i tynn aluminium eller sink med backing lagar vi også buer, hjørner/ hjørnekasettar, gesimser, sålebenk, beslag og områingar i same materiale eller kontrastmateriale til hovudfarge/materiale.

Innfesting

- Festesystem basert på knekte eller ekstruderte profilar i aluminium. Alle djupner opp mot 600 mm gir rom for solskjerming og djupneskilnader for å skape spennande og unike uttrykk
- Justerbare innfestingsystem som tek opp slakk og ujamn fasade, til dømes ved rehabilitering
- Skjult eller synleg innfesting
- Lakkerte skruar i same farge som panel
- Eigen produksjon av profil for auka djupne

Produksjon og montering

Produktet produserast på fabrikk i Vik i Sogn og monterast av byggmeister, entreprenør eller montør. Vi set deg gjerne i kontakt med passende kompetent montør om det trengst.



EPD, resirkulert råstoff og gjenvinning etter bruk

Vi har utarbeidd EPD (miljødeklarasjon) basert på siste PCR (produktkategoriregler). Produktet er 100 % resirkulerbart og er i mange tilfelle produsert på allereie resirkulert aluminium eller sink. Graden av allereie resirkulert materiale i råmaterialet avheng av legeringa. Petal hjelper deg med å velje riktig materiale tilpassa behov for miljøsertifisering, sjøvatnmotstand, sur nedbør, taggerisiko og reinhald.



“ Petal fasadar med backing gir ei slett overflate i lette og stabile panel som enkelt monterast på fasaden

Petal as | Industrivegen, N-6893 Vik i Sogn | Tlf: (+47) 57 69 89 00 | E-post: post@petal.no
Kontakt: Karsten Berentsen, salsingeniør | tel : (+47) 416 15 128 | e-post: karsten@petal.no



petal.no



 **petal** skreddarsyddde
metallfasadar